

# Årsmøtedokument

## Årsmøte i NJFF Sogn og Fjordane, Teams

### 13. mars 2021

#### Innhald

Program årsmøte .....	2
Sakliste.....	2
Styret sine framlegg til vedtak .....	3
Sak 1, konstituering av årsmøtet .....	3
Sak 2, årsrapport 2020.....	4
Sak 3, Rekneskap 2020.....	4
Sak 4, Innkomne forslag.....	4
Sak 5, Andre saker styret har sett opp.....	4
Sak 6, Årsplan 2021 .....	5
Sak 7, Medlemskontingent 2022 .....	8
Sak 8, Budsjett 2021.....	9
Sak 9, Val 2021.....	10
Sak 10, Val av revisorar .....	11
Sak 11, Val av valnemnd .....	11
Sak 12, val av utsendingar til landsmøtet	
Vedtekter .....	12

## Program årsmøte

*Laurdag 13. mars*

- |              |  |
|--------------|--|
| Kl 12.30     | Nytt frå NJFF ved Johnny Andresen<br>Utdeling prisar |
| Kl 13.30     | Opning årsmøte<br>Årsmøtesaker                       |
| Ca. Kl 16.30 | Avslutning   |

Pausar etter behov

## Sakliste

1. Konstituering av møtet
  - Godkjenning av fullmakter
  - Godkjenning av innkalling
  - Godkjenning av sakliste
  - Godkjenning av forretningsorden
  - Namneopprop
  - Val av ordstyrar
  - Val av sekretær
- Val av teljekorps
- Val av 2 delegatar til å skrive under årsmøteprotokollen
2. Årsmelding 2020
3. Revidert rekneskap for 2020
4. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
5. Andre saker som styret har sett opp på saklista
6. Styret sitt framlegg til årsplan 2021
7. Fylkeslaget sin kontingentdel 2022, med styret sitt framlegg til vedtak.
8. Styret sitt framlegg til budsjett 2021
9. Val av styre i medhald av § 7.
10. Val av valnemnd
11. Val av 2 revisorar og eitt varamedlem
12. Val av utsendingar til landsmøtet

# Styret sine framlegg til vedtak

## Sak 1, konstituering av årsmøtet

### Godkjenning av fullmakter

Årsmøtet tek stilling til om alle delegatar har fullmakt til å stemme.

### Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling med førebels program vart utsendt 28.01.2021. I fylgje fylkeslaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, eventuelt vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

### ***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjend.*

### Godkjenning av forretningsorden

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, fylkeslagsstyret, fylkesinstruktørar, fylkessekretær og gjester
2. Forslags- og røysterett har alle valde årsmøtedelegatar og fylkeslagsstyret. Dersom fylkeslagsinstruktørar møter som representant for eit lag har dei røysterett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiar skriftleg og underteikna, men før strek ersett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppført på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Alle vedtak skal avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal ha loddrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det. Ved endring av vedtektene, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

### ***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjend.*

## Sak 2, årsmelding 2020

Sjå «Årsrapport 2020»

### ***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Årsrapporten vert godkjend.*

## Sak 3, Rekneskap 2020

Sjå rekneskap i Årsrapport 2020

### ***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Rekneskapet vert godkjend.*

## Sak 4, Innkomne forslag: Forslag til vedtektsendringar §7

Vedtektene som gjeld i dag står frå side 12.

### ***Sak 4 a) Endring av vedtekter §7***

NJFF Sogn og Fjordane har fått eit forslag til endring av vedtektene §7 frå Høyanger jfl. Fylkesstyret har sjølv eit forslag til endring av same paragraf, og ynskjer å setje desse to forslaga opp imot kvarandre.

Forslag til vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal og vi ber derfor årsmøtet ta stilling til først om ein ynskjer ei endring av §7.

### ***Fylkesstyret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Årsmøtet vedtar å gjere endringar i vedtektene §7.*

### ***Sak 4 b) Endring av vedtekter §7***

### ***Høyanger jfl sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

#### ***§ 7. STYRE***

*Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av Leiar, nestleiar/sekretær, kasserer, leder ungdomsutvalg, leder kvinneutvalg, leder fiskeutvalg og leder jaktutvalg. Utvalgsledere jakt og fisk er hovedansvarlige for kvar sine fagområder, følger opp arbeidet i utvalg og underutvalg, samt førebur saker innenfor sitt område til styrebehandling. Utvalgsleder(e) er normalt også fagansvarlig for hhv. Fiske og Jakt, men kan dersom det er hensiktsmessig i samråd med styret oppnevne andre medlemmer som fagansvarlige. Styret skal vidare ha to vararepresentantar, gjerne, men ikke nødvendig vis, valgt blant utvalgsledere fra de ulike underutvalg til fisk og jakt.*

*Fyrste vararepresentant vert innkalla til alle styremøte, og har røysterett når nokon av dei andre medlemene har forfall.*

*Andre vararepresentant vert også innkalla til fyrste styremøtet etter årsmøtet, og elles når*

*faste representantar melder avbod. Styret har til ein kvar tid maksimalt 6 repr. med stemmerett. Ved likt røystetal har leiar dobbeltrøyst.*

- *Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar, leder jaktutvalg og leder kvinneutvalg vert valde i år med like årstal.*
- *Nestleiar/sekretær, leder ungdomsutvalg og leder ffskeutvalg vert valde i år med ulike årstal.*
- *Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen.*
- *Fylkesinstruktørane og andre fagpersonar er fagleg underlagt NJFF, og tiltretr fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.*

#### ***Fylkesstyret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av leiar, nestleiar/sekretær, kasserar, ungdomsansvarleg, kvinnekontakt, fagansvarleg vilt og fagansvarleg fisk. Fagansvarleg vilt og fagansvarleg fisk har fagansvar på kvar sine fagområde og førebur desse til styrebehandling. Nestleiar har eit særleg ansvar for å følgje opp organisasjonsarbeidet i fylkeslaget.*

*Styret skal ha to vararepresentantar. 2. vararepresent skal vere informasjonsansvarleg. Begge vararepresentantane vert innkalla til alle styremøte, og har røysterett når nokon av dei andre medlemene har forfall.*

*Styret har til ein kvar tid maksimalt 7 repr. med stemmerett.*

*Ved likt røystetal har leiar dobbeltrøyst.*

1. *Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar, fagansvarleg vilt og kvinnekontakt vert valde i år med like årstal. Nestleiar/sekretær, ungdomsansvarleg og fagansvarleg fisk vert valde i år med ulike årstal.*
2. *Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen.*

*Fylkesinstruktørane og andre fagpersonar er fagleg underlagt NJFF, og tiltretr fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.*

#### **Fylkesstyret sine kommentarar:**

Styret set pris på engasjementet og det vart sett ned ei ad hoc gruppe som har jobba med dette og vurdert konsekvensane av forslaget. I dag er det friviljug å ha utval (ikkje vedtektsfesta) og det er friviljug om ein fagansvarleg vil sitje i utvalet som utvalsleiar eller medlem.

Konsekvensen av forslaget er at det vert vedtektsfesta at ein skal ha utval, og at utvalsleiar for eit hovudutval også skal vere styremedlem. Eit styremedlem skal også setje seg inn i alle saker som skal opp på møta. I tillegg inneberer forslaget at hovedutvala skal ha underutval og andre ressurspersonar innan same felt under seg. Det siste gjer det veldig sårbart dersom dette styremedlemet ikkje fungerer eller synst det blir for mykje arbeid. Kan bli for stor belastning på vervet dersom ein er nødt til å vere både utvalsleiar og styremedlem, og enda større belastning dersom ein skal ha noko ansvar for underutval og andre ressurspersonar. Styret må sjå på organisasjonen og tenke langsiktig mtp framtidig rekruttering til fylkeslaget. Styret kan ikkje heilt sjå at forslaget løyser noko av dei utfordringane vi har i dag.

Erfaringar har synt at nokre synst det blir for mange og omfattande arbeidsoppgåver å vere både styremedlem og utvalsleiar. Styret endra derfor for nokre år sidan kravet om at fagansvarleg skal vere leiar i utvalet sitt, til at ein kan velje om ein vil vere utvalsleiar eller vanleg utvalsmedlem. Det enkelte styremedlem kan også velje å løyse oppgåvene sjølv, setje ned arbeidsgrupper eller utval. Utvala (og styret) kan foreslå både utvalsmedlemer og utvalsleiar og styret gjer vedtak. Ein treng ikkje vente til eit årsmøte med å gå ut av eller inn i eit utval.

Til dømes vart det sett ned eit ad hocutval med fagansvarleg fisk og 1. vara for å jobbe med OVF (Opplysningsvesenets fond) og lokallaga sine avtalar om jakt og fiskerettar, eit anna døme er ved camp villaks der FI Flugekasting, fagansvarleg fisk og fylkessekretær har vore i planleggingskomite saman med det lokale jakt- og fiskelaget. Styret har jobba i fellesskap med oppgåver som går på tvers av fagområda, samt eit godt samarbeid med FNF i høyringsaker og andre fylkeslag. Denne ordninga tykkjer styret fungerer bra, og har ikkje opplevd negative konsekvensar ved dette.

NJFF Sogn og Fjordane har 2 fylkesinstruktørar på hund, samt 2 utval. Det har vore vanskeleg å konkretisere arbeidsoppgåvene til fagansvarleg hund, og styret ynskjer å ta vekk dette fagansvaret i styret.

Styret ynskjer å få inn ein person som kan ha informasjon som sitt fagfelt. Fylkeslaget har i lengre tid hatt ønske om å syne att meir i media, også i sosiale medier. Styret foreslår at 2. Vara skal ha funksjon som informasjonsansvarleg slik at dette feltet vert meir prioritert, noko vi anser som viktig, og at denne møter på kvart styremøte.

## Sak 5, Andre saker styret har sett opp

### Vedtektsendring §1

Styret foreslår å kutte ut ordet «Fylke» som står som siste ordet i §1. Namn «§1. Fylkeslaget sitt namn er **Norges Jeger- og Fiskerforbund – Sogn og Fjordane**, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane Fylke.»

### ***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

***§1 Namn, Fylkeslaget sitt namn er **Norges Jeger- og Fiskerforbund – Sogn og Fjordane**, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane.***

## Sak 6, Årsplan 2021

NJFF Sogn og Fjordane sin årsplan tufter på NJFF sitt arbeidsprogram:  
<https://www.njff.no/organisasjon/sider/last-ned.aspx> Del 1 og del II.

## **ÅRSPLAN NJFF SOGN OG FJORDANE 2021**

<b>2.1 Medlemsfordeler og tenester</b>		
Vidareføre medlemsfordeler for medlemmer	Leige hjå OVF Avtale med dei ulike aktørane Holmevasshytta Laksefiske for ungdom	Brede Reidun Reidun Torger
Ha medlemspris og ikkje-medlemspris på dei fleste kurs og aktivitetar	På nær alle kurs og aktivitetar som fylkeslaget tilbyr, oppfordre lokallaga til det samme	Alle
Markedsføre medlemsfordeler på portal, sosiale medier og nyhendebrief		Reidun og info
<b>2.2 Kommunikasjon og marknadsføring</b>		
Bruke portal, facebook, instagram, nyhendebrief		Reidun og info
Bruke media aktivt for å fremme aktivitetar og synspunkter	Alle aktivitetar Standpunkt / fagsaker	Alle, info
Styrke kommunikasjonsfagleg kunnskap	Mediekurs 2021?	Info, leiar og FS?
<b>2.3 Barn og ungdom</b>		
Temakveld og jakt: jakt på rev	Utsett til mars	Torger
Havfiske for ungdom	24. april	Arnt Bjarne
Laksefiske for ungdom	Fiskesesongen, Ommedalselva	Torger
Fylkesleir for ungdom	4-6. juni, Nesholmen, Hyen	Torger
Camp Villaks	Juni-juli	Fiskeutval
Småviltjakt for ungdom	2. oktober, Dvergsdalen	Geir Ove
Slaktekurs	10. oktober, Gaular	Arnt Bjarne
Opplæringsjakt hjort	23.-24. Oktober	Brede
Informere om barne- og ungdomsmidler	20. febr: Frist sende inn grunnlagskjema for tildeling av frifond-midler. 15. Mars: Fiskesommer-midler, intro-jakt, familieaktivitet, jakt- og fiskeskule / jaktskytterskule 1. november: Frifond, jakt- og fiskeskule/jaktskytterskule	Reidun, Torger
Delta på sentral ungdomsleiarsamling		Torger
Følge opp og halde kontakt med lokale ungdomsansvarlege	2021	Torger
<b>2.4 Kvinner</b>		

Jentesamling	utsett	Marte
Havfisketur for jenter	19.-20. Mars	Randi
Aurefiske for jenter	3.-5. Sept, Aurland	Heidi
Hjortejakt for jenter	11.-12. Sept, Hennebygda	Wenche
Småviltjakt for jenter	1-3. oktober, Aurland	Heidi
Informere om jentemidler	15. mars	Reidun, Marte
Delta på sentral kvinnekonferanse		Marte
Følge opp og halde kontakt med lokale kvinnekontakter	2021	Marte
<b>2.5 Organisasjon</b>		
«Mitt lag» for Sogn		Bjarne
Besøke og halde kontakt med lokallaga	2021	Alle
Informasjon	Nyhendebrev, facebook, nettside, instagram	Alle, info, Reidun
Mediaverksemd, aktiviteter og kurs	Bileter og litt tekst frå alle arrangement	Alle ansvarlege, info
Medieverksemd, Standpunkt	Lesarinnlegg / intervju	Alf, fagansvarleg, info
Gjennomføre årsmøte	13. mars	Alf
Planleggingsdag 2022	8. november, Skei	Reidun
<b>2.6 Opplæringsverksemda</b>		
Grunnkurs jakthund	7.-9. Mai	Bjørn
Instruktørkurs jakthunddressur	28.-30. Mai	Bjørn
Instruktørkurs rifle	30.april-2. Mai	Reidun
Instruktørkurs flugekasting	september	Brede B
Andre kurs for barn, ungdom, jenter, jegere og fiskere – sjå andre punkt		
<b>2.7 Ålmenta si tilgong til jakt og fiske</b>		
Avtale OVF	Hjortejakt i Selje	Brede
Bruke Inatur til våre tilbod		Reidun
Oppfordre lokallaga til å bruke inatur		Reidun
<b>2.8 Jakt og viltforvaltning</b>		
Høyringar innan jakt og vilt		Brede
Temakvelder, jakt, slaktekurs m.v	Sjå pkt for ungdom og kvinner	
Kontaktutvalet for rovvilt	Møter	Reidun/Brede
Trofemåling	Heile året	Knut og Vidar
Viltseminar	16. og 17. Mars. Webinar.	Brede / Alf



	Samarbeid med andre	
Kveldseminar rype	Utsett til oktober	Brede
<b>2.9 Fiske og vannforvaltning</b>		
Kaifiskedag	Balestrand	Mons, Viljar
Djupvassfiske	Sognefjorden	Mons, Viljar
Deltakar vassområde Sogn og Fjordane		
Sjå andre punkter for fisketilbod ungdom, jenter		
Deltakar i regionalt fiskeutval for kysten		Jan Henning, Morten
Høyringar innan fiske og forvaltning		Morten
Kontakt med lokale instruktører?		Brede B
<b>2.10 Jakttskyting og våpen</b>		
Terminliste jakttskyting	Oktober	Jaktskyttarutval
Bestilling premiar	Februar	Reidun, Svein I.
Sogn og Fjordane Cup		Jaktskyttarutval
Våpenloftet Cup		Jaktskyttarutval
Rekruttering jakttskyting		Jaktskyttarutval
Kontakt med lokale instruktørar ?		
<b>2.11 Jakthund</b>		
Klubbmeisterskap fuglehundar	20. febr. Gaularfjell	Bertil
Nybyrjarsamling fuglehund	20. febr. Gaularfjell	Bertil
Gaularfjellprøven, ståande fuglehundar	5-7. mars, Gaularfjell	Øivind/Bertil
Bandhundkurs hjortejakt	24.-25.april	Bjørn Henry
Bandhundkurs hjortejakt	21-22. august	Bjørn Henry
Andejakt med hund	27-29. august	Leif Magne
Tilby sporprøver		Jakt- og ettersøkshundutv
Høyringar innan ettersøk, bandtvang o.l.		Jakt- og ettersøkshundutv
Kontakt med lokale instruktørar ?		

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**  
*Årsplanen vert godkjend.*

Sak 7, Medlemskontingent 2022

Fylkeslagskontingenten er kr. 50,- for alle kategoriar med unntak av barne- og ungdomsmedlemskap med og utan tidsskrift som er sett til kr. 15,-.

***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Årsmøtet gjer vedtak om å ikkje endre fylkeslagskontingenten.*

## Sak 8, Budsjett 2021

Res-2020

Bud-2021

**SALGS- OG DRIFTSINNTEKT**

3100 Andel kontingent	-209 014,57	-275 000,00
3110 Deltakaravgift	-109 187,74	-259 850,00
3400 Tilskot NJFF	-15 000,00	-10 200,00
3401 Tilskot FM og FK	-20 000,00	
3402 Utviklingsavtale Driftstønad	-300 000,00	-150 000,00
3403 Utviklingsavtale Rekruttering	-80 000,00	-110 000,00
3404 Utviklingsavtale Human jakt	-96 640,00	-95 000,00
3405 Utviklingsavtale Småviltforvaltning	-44 200,00	-50 000,00
3410 Andre tilskot	-24 000,00	-10 000,00
3411 Grasrotandel	-1 197,56	-400,00
3420 Momsrefusjon	-56 624,00	-50 000,00
3550 Loddsal	-4 055,75	
<b>SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</b>	<b>-959 919,62</b>	<b>-1 010 450,00</b>

**LØNNSKOSTNAD**

5000 Honorar	18 249,10	51 000,00
5901 Gåver til tillitsvalde og LL	18 179,21	50 000,00
<b>SUM LØNNSKOSTNAD</b>	<b>36 428,31</b>	<b>101 000,00</b>

**ANNEN DRIFTSKOSTNAD**

6300 Leige lokale	50 000,00	95 400,00
6301 Leige av terreng	16 875,00	56 000,00
6500 Kjøp av utstyr, inventar	187 956,99	46 000,00
6510 Kjøp av premiar	59 774,00	93 000,00
6551 Datautstyr (hardware)		10 000,00
6552 Programvare (software)	13 083,89	12 000,00
6700 Kjøp av aktiviteter	400,00	56 850,00
6705 Honorar rekneskap	25 000,00	25 000,00
6710 Annonse	14 480,50	22 000,00
6800 Kontorrekvisita	11 915,80	10 500,00
6820 Trykksak	35 158,75	16 000,00
6840 Aviser, tidsskrift, bøker		200,00
6850 Kursutgifter	12 138,50	31 600,00
6860 mat, opphald	128 132,67	255 300,00
6900 Telefon og Internett	26 811,49	27 000,00
6940 Porto	4 731,10	1 000,00
7100 Bilgodtgjersle	101 742,65	140 799,00
7140 Reiseutgifter, ikkje oppg.pl.	21 006,80	43 000,00
7460 Tilskot andre organisasjonar	25 000,00	15 000,00
7500 Forsikring	2 303,00	5 000,00
7770 Bank- og kortgebyr	934,00	1 000,00
<b>SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>	<b>737 445,14</b>	<b>962 649,00</b>

**KOSTNADER**

773 873,45      1 063 649,00

**FINANSIELLE POSTER**

8051 Renteinntekter	-6 513,00	-8 000,00
<b>SUM FINANSIELLE POSTER</b>	<b>-6 513,00</b>	<b>-8 000,00</b>

**RESULTAT (Underskudd)**

-192559.17      45199.00

***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***  
*Budsjettet vert godkjent*

Sak 9, Val 2021

**CV Frode Ølmheim innstilt som ny 2. Vara/informasjonsansvarleg**

39 år, busett på Leikanger i Sogn. Gift med Siri og har tre born og har ein Jack Russel terrier. Er utdanna tømrrar og lastebilsjåfør, kombinerer dette i jobben som sjåfør for byggevarehuset Montér Andersen på Kaupanger.

Fritidsinteresser og lidenskap er jakt, fiske og friluftsliv. Interesse for dette starta då eg var mykje med besteforeldre på fiske og fellefangst frå eg var liten gut. Jaktinteressa kom og den vegen, men grunna aldersgrenser måtte dette naturleg nok vente til alderen var der. Har jakta ein del småvilt tidlegare, men no er det hovudsakleg hjortejakt det går i, samt fellefangst av mår på vinteren. Er med på lokallagets opplegg med opplæringsjakt for nye jegrar.

Er aktiv innan skyting, både innan DFS og jaktrelatert som jaktfelt og hagle.

Har teke kurset Jakthund grunnkurs og driv på med praksisbiten av aversjonsinstruktør.

Er pr. i dag med i valkomiteen i lokallaget på Leikanger.

Har tidlegare lang bakgrunn frå fotball. Har hatt eit rekke verv i klubbane Norane, Sogndal og Syril. Samt vore leiar i ungdomsutvalet til Sogn og Fjordane fotballkrets i perioden 2000-2002.

Har og vore fotballdommer på fylkesnivå i 20 år, 5 av disse også på nasjonalt nivå.

***Valnemnda sitt framlegg til vedtak:***

- |  |  |
|--|--|
| • Leiar, ikkje på val                                    | Alf Erik Røryvik, Hyen jff                 |
| • <i>Nestleiar /sekretær, veljast for 2 år</i>           | <i>Attval: Henning Haugholt, Flora jff</i> |
| • Kasserar, ikkje på val                                 | Ingunn Loen Sunde, Flora jff               |
| • <i>Ungdomsansvarleg, veljast for 2 år</i>              | <i>Attval: Torger Eimhjellen, Hyen jfl</i> |
| • Kvinnekontakt, ikkje på val                            | Marte Bergum Hansen, Luster jfl            |
| • <i>Fagansvarleg fisk, veljast for 2 år</i>             | <i>Attval: Morten Jacobsen, Vik jfl</i>    |
| • Fagansvarleg vilt, ikkje på val                        | Brede Seim, Gloppen jfl                    |
| • <i>1. vara, veljast for 1 år</i>                       | <i>Attval Vidar Moen, Årdal jff</i>        |
| • <i>2. Vara/informasjonsansvarleg, veljast for 1 år</i> | <i>NY: Frode Ølmheim, Leikanger jfl</i>    |

## Sak 10, Val av revisorar

### ***Valnemnda sitt framlegg til vedtak:***

- |  |                                   |
|--|-----------------------------------|
| • Revisor nr. 1 Ikkje på val, 2 år att | Jarle Sognnes                     |
| • Revisor nr. 2 Veljast for 3 år       | Kåre Stokkevåg, Førde jfl         |
| • Revisor vara Ikkje på val, 1 år att  | Øyvind Hopland, Stryn og H. jspfl |

## Sak 11, Val av valnemnd

### ***Styret sitt framlegg til vedtak:***

- |                                    |   |
|------------------------------------|---|
| Valnemnd, leiar, 1 år att          | Torunn Rygg, Førde jfl                          |
| Valnemnd, medlem 2 år att          | Kim Vidar Bakken, Leikanger jfl                 |
| Valnemnd, medlem, veljast for 3 år | Wenche Johanne Henden, Stryn og Hornindal jspfl |

## Sak 12, Val av landsmøtedelegater

### ***Styret sitt framlegg til vedtak:***

1. Torger Eimhjellen, ungdomsansvarleg
2. Marte Bergum hansen, kvinnekontakt
3. Henning Haugholt
4. Ingunn Loen Sunde
5. Jan Henning Øyehaug

### Vara i prioritert rekkefølge:

1. Brede Seim
2. Morten Jacobsen
3. Vidar Moen
- 4.
- 5.

# NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND -SOGN OG FJORDANE

Vedtekne av årsmøtet 25.03.2000  
Revidert 12.03.16  
Godkjendt av NJFF 08.04.16

### *DEL I*

#### **§ 1. NAMN**

*Fylkeslaget sitt namn er Norges Jeger- og Fiskerforbund – Sogn og Fjordane, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane Fylke.*

#### **§ 2. FORMÅL**

*Fylkeslaget sitt hovudformål er det same som for NJFF sentralt:*

*Å ta vare på jakt-, fiske- og friluftssinteressene igjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Hovudmåla er:*

- *å være ein aktiv interesseorganisasjon som tek vare på medlemene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvaltning og friluftsliv.*
- *å sikre ei berekraftig hausting av vilt- og fiskeressursane våre, basert på tilgjengeleg kunnskap.*
- *å sikre at viltet og fisken blir hausta til glede for flest mogeleg motiverte utøvarar.*

*Arbeidet i fylkeslaget skal byggje på NJFF sitt gjeldande handlingsprogram og det årlege arbeidsprogrammet.*

*Fylkeslaget skal være bindeleddet mellom NJFF sitt sentralledd og lokallaga i fylket. Det har eit særleg ansvar med å ta vare på organisasjonen sitt formål elles på fylkesnivå.*

#### **§ 3. LEIANDE ORGAN**

*Laget sine leiande organ er:*

- a) *Årsmøtet*

- b) *Ekstraordinært årsmøte*
- c) *Styret*

*Årsmøtet skal holdast kvart år innan 1. april.*

*Sentralleddet i NJFF har rett til å vera representert på års- og styremøta til fylkeslaget med talerett.*

#### **§ 4. ØKONOMI**

*Forbundet refunderer til fylkeslaget den del av kontingenten som landsmøtet fastset.*

*Fylkeslaget sitt årsmøte kan i tillegg fastsetje ein eigen kontingent til fylkeslaget som vert kravt inn saman med forbundskontingenten.*

*Fastsett fylkeskontingent skal meldast til forbundet innan 1. september.*

### **DEL II**

#### **§ 5. ÅRSMØTE**

*Ordinært årsmøte skal holdast kvart år innan 1. april der styret bestemmer.*

*Årsmøtet skal kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Framlegg som laga ynskjer å få handsama av årsmøtet skal vere styret i hende innan utgangen av januar.*

*Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.*

*Lag med inntil 200 medlemmer kan senda 2 representantar. Lag med fleire medlemmer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemmer, -maksimalt 6 representantar.*

*Medlemer frå laga utnemnd av NJFF i sentrale utval og fylkesinstruktørar vert kalla inn til årsmøtet. Desse har talerett, men ikkje røysterett. Dersom dei møter som representant for eit lag har dei både tale- og røysterett på årsmøtet.*

*Årsmøtet skal handsama følgjande:*

1. *Konstituering av møtet*
  - *Godkjenning av fullmakter*
  - *Godkjenning av innkalling*
  - *Godkjenning av saklista*
  - *Godkjenning av forretningsorden*
  - *Val av ordstyrar*
  - *Val av sekretær*
  - *Val av teljekorps*
  - *Val av 2 representantar til å skrive under møteboka*
2. *Årsmelding frå siste kalenderår.*
3. *Revidert rekneskap frå siste kalenderår.*
4. *Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.*
5. *Andre saker som styret har sett opp på saklista.*
6. *Styret sitt framlegg til årsplan.*
7. *Fylkeslaget sin kontingentdel, med styret sitt framlegg til vedtak.*
8. *Styret sitt framlegg til budsjett.*

9. Val av styre i medhald av § 7.
10. Val av valnemnd på 3 medlemmer - mest mogeleg geografisk fordelt, for 3 år, ein person på val kvart år. Den av medlemene som har sete lengst, er leiar i valnemnda.
11. Val av 2 revisorar og eitt varamedlem for 3 år, ein person på val kvart år.
12. Val av utsendingar til landsmøtet (kvart tredje år).

Ungdomsansvarleg skal vere representert ved NJFF sitt ordinære landsmøte, og skal gå inn i kvoten til fylkeslaget.

*Dersom ikkje noko anna er bestemt, skal alle saker avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal foreta loddtrekking. Vala skal vera skriftlege dersom nokon av representantane krev det.*

*Ingen representantar har meir enn ei røyst. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.*

#### **§ 6. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE**

*Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har bestemt det, eller minst 1/4 av lokallaga i fylket, eller forbundsstyret i NJFF krev det.*

*Ekstraordinært årsmøte, vedlagt sakliste, skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Møtet skal ikkje ta avgjerd i andre saker enn dei som er oppførde på saklista i innkallinga.*

#### **§ 7. STYRE**

*Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av leiar, nestleiar/sekretær, kasserar, ungdomsansvarleg, kvinnekontakt, fagansvarleg vilt og fagansvarleg fisk. Fagansvarleg vilt og fagansvarleg fisk har fagansvar på kvar sine fagområde og førebur desse til styrebehandling. Nestleiar har eit særleg ansvar for å følgje opp organisasjonsarbeidet i fylkeslaget.*

*Styret skal ha to vararepresentantar. Ein av vararepresentane skal ha hovudansvar for fagområde innan jakthund.*

*Fyrste vararepresentant vert innkalla til alle styremøte, og har røysterett når nokon av dei andre medlemene har forfall.*

*Andre vararepresentant vert også innkalla til fyrste styremøtet etter årsmøtet, og elles når faste representantar melder avbod. Styret har til ein kvar tid maksimalt 7 repr. med stemmerett.*

*Ved likt røystetal har leiar dobbeltrøyst.*

3. Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar, fagansvarleg vilt og kvinnekontakt vert valde i år med like årstal. Nestleiar/sekretær, ungdomsansvarleg og fagansvarleg fisk vert valde i år med ulike årstal.
4. Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen.

*Fylkesinstruktørane og andre fagpersonar er fagleg underlagt NJFF, og tiltrer fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.*



## **§ 8. STYRET SITT ARBEID**

*Styret skal:*

- 1. Representere fylkeslaget, utøve administrativt mynde, handheve vedtektene og ivareta fylkeslaget sine interesser ut mot dei lokallaga som er tilslutta laget og regionale styresmakter.*
- 2. Medvirke til å opprette nye lokallag og eventuelt medvirke til å slå saman lokallag der det er naturleg, og hjelpa desse med råd og opplysningar.*
- 3. Førebu, handsame og vedta saker av interesse for laga i fylket.*
- 4. Halde møter med lokallagsleiarar/-styre for drøfting av viktige saker av felles interesse samt ta initiativ til kurs, møte o.l.*
- 5. Sende saker til høyring i lokallaga.*
- 6. Fastsetje tid for ordinært og eventuelt ekstraordinært årsmøte.*
- 7. Leggje fram årsmelding og rekneskap med revisorrapport kvart år om laget si verksemd i kalenderåret.*
- 8. Utarbeide framlegg til årsplan og budsjett for komande år.*
- 9. Sende årsmelding og rekneskap samt årsmøtereferat med ajourført liste over tillitsvalde til NJFF og lokallaga seinast 1 månad etter årsmøtet. Foreslå nyval dersom tillitsvalde ikkje oppfyller instruksen, også om dei ikkje står på val.*
- 10. Styret kan oppnemne eigne arbeidsutval. Styret utarbeidar arbeidsinstruks for desse.*
- 11. Gjere framlegg om tildeling av eventuelle heidersteikn.*
- 12. Utnemne fylkesinstruktørar.*
- 13. Utarbeide instruks for tilsette i fylkeslaget.*
- 14. Styret utarbeidar instruks for styremedlemer, utvalsmedlemer og instruktørar.*
- 15. Vere representert ved stemner og arrangement på fylkesnivå.*
- 16. Arbeide for lags- og medlemsfordeler, herunder drive informasjon om økonomisk støtte til fylkeslag og lokallag.*
- 17. Avgjere tvistar mellom laga. Avgjersla kan ankast inn for årsmøtet i fylkeslaget.*

*Styret er vedtaksført når minst halvdelen av styret er tilstades. Vedtak vert avgjort ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.*

## **§ 9. VEDTEKTSENDRINGAR**

*Vedtektsendringar (del II) kan gjerast av årsmøtet. Til gyldig vedtak vert det kravt 2/3 fleirtal av dei representantane som er tilstades på årsmøtet.*

*Vedtektsendringar skal godkjennast av Representantskapet i NJFF.*